

VEDLEGG



**DET KONGELEGE BARNE-  
OG FAMILIEDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Stortinget  
Justiskomiteen  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/461-

20. februar 2023

**Dokument 8:114 S (2022-2023) om fastsetjing av gjennomføringstid for oppmodingsvedtak om forbod mot ekteskap mellom søskenbarn**

Eg viser til brev frå Justiskomiteen som gjeld Dokument 8: 114 S (2022—2023) om fastsetjing av gjennomføringstid for oppmodingsvedtak om forbod mot ekteskap mellom søskenbarn, som blei sendt til Justis- og beredskapsdepartementet 1. februar. Eg svarar på forslaget fordi det er Barne- og familiedepartementet som har ansvaret for den aktuelle delen av ekteskapslova.

Stortinget fatta 3. november 2020 oppmodingsvedtak 48 (2020-2021) der regjeringa vart bede om å leggja fram for Stortinget dei nødvendige lovendingane for å forby ekteskap mellom søskenbarn. Forslaget vart vedteke av eit fleirtal beståande av Framstegspartiet, Arbeiderpartiet og Senterpartiet.

Eg svarte stortingsrepresentant Per Willy Amundsen 7. mars 2022 på skriftleg spørsmål nr. 1371 (2021-2022) der eg gjorde greie for arbeidet som eg meiner er nødvendig for å kunna fremja eit forslag om forbod mot søskenbarneekteskap.

Barne- og familiedepartementet er no i slutfasen med arbeidet med eit høyringsnotat. Eg tek sikte på offentleg høyring i vårsesjonen.

På denne bakgrunnen planlegg eg for ein lovproposisjon med forslag til forbod mot søskenbarneekteskap i ekteskapslova, innan utgangen av dette året.

Med helsing

  
Kjersti Toppe